

# Musea i Sogn og Fjordane

---

## Styremøte

**Dato:** Måndag 15.12.2015  
**Tid:** Kl. 11:00  
**Stad:** Sunnfjord Museum, Movika i Førde

### MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø og Hanne Oftedal.  
Olve Grotle deltok i handsaming av sak 38/2015.  
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.  
Referent: Anne-Marie Førde

### SAKLISTE:

31/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste  
32/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 20.10.2015  
33/2015: Orienteringar  
34/2015: Budsjett med årsplanar 2016  
35/2015: BKH-stipend 2015 - Innstilling frå Kunstfagleg råd  
36/2015: Nye stillingar i MiSF ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum  
37/2015: Møteplan 2016 for styret i MiSF  
38/2015: Tilsetting av direktør i Musea i Sogn og Fjordane  
39/2015: Ymse

#### SAK 31/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

##### **Innkalling og sakliste vert godkjent**

- Harry Mowatt ynskje at sak 38/2015 vart handsama fyrst i møtet, og orientering om status i sak 30/2015 pkt. 1.
- Anne-Marie Førde varsla orienteringssak om KR (Kunstfagleg råd) i SFKM under sak 33/2015 Orienteringar
- Hanne Oftedal varsla sak om praksis for utsending av invitasjon til museumsarrangement under sak 39/2015 Ymse

*Vedtak:*

##### **Innkalling og sakliste vert godkjent**

Samrøystes

**SAK 32/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 20.10.2015.**

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Protokoll frå styremøtet 20.10.2015 vert godkjent**

*Vedtak:*

**Protokoll frå styremøtet 20.10.2015 vert godkjent**

Samrøystes

**SAK 33/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

- **Rekneskap mot budsjett**

*/ . Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 31.10.2015.*

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

*/ . Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 30.11.2015*

- **Besøktal 2015**

*/ . Vedlegg: Besøktala (vert ettersendt)*

- **Kommunetilskot**

Framdrift av prosess og status. Orientering om KS konferanse/KS-møte 18-19.11.2015

Status er at arbeidet i KS si prosjektgruppe ikkje var avslutta, og derfor ikkje presentert på KS Konferansen/fylkesmøte i november. Målsetjinga no er å legge fram saka for rådmannsgruppa i KS 26. januar, styret i KS 8. februar og KS-møte 9. februar.

- **Måløyraidsenteret**

Finansutvalet i SFJ handsama 4.november «Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19» (Arbeidsdokument 7/15), punkt 1.3 Musea i Sogn og Fjordane – Måløyraidsenteret gjorde følgjande tilråding:

*Musea i Sogn og Fjordane må gjere ei vurdering av om den samla driftsøkonomien tillèt å ta på seg drifta av Måløyraidsenteret.*

*Med grunnlag i ei slik vurdering vil fylkeskommunen kunne handsame ein ev. søknad om investeringstilskot for å få på plass dei siste 0,8 mill. kr for å realisere Måløyraidsenteret.*

*Avrøysting:*

*Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.*

Orientering frå møte om Måløyraidsenteret med Kulturdepartementet 03.12.2015.

Styret drøfta status for konsolideringsprosess med Stiftelsen Måløyraid Senteret, basert på tidlegare inngått intensjonsavtale. Styret godkjente framlagt budsjett for Måløyraidsenteret basert på dokumenterte driftsmidlar og tilskot frå vertskommune knytt opp mot leige/drift av Heradsheim.

Økonomiske og driftsmessige konsekvensar av driftsavtale mellom huseigar og Stiftelsen Måløyraid Senter må vurderast.

Driftsnivå utover vedteke budsjett kan skje etter auka dokumenterte driftsmidlar, jf. intensjonsavtale. Ovannemnte vil vere avgjerande for drøftingar i samband med konsolideringsavtale og framtidig driftsnivå.

- **Fellesmagasinet/Sunnfjord Museum**

Framdrift av prosess og status. Orientering om korrespondanse med fylkeskommunen og

etterfølgjande møte med Kulturdepartementet 03.12.2015

Fylkeskommunen planlegg no det vidare arbeid i 2016 med prosjekt «Kløften», eit arbeid som etter planen skal resultere i ein søknad om investeringstilskot til kulturdepartementet våren 2017.

Administrasjonen i MiSF har i møte med kulturdepartementet drøfta behov for endra driftstilskot for å dekke forventa auka driftskostnader, vurdert ut frå tidlegare kalkyler og drøftingar med fylkeskommunen.

Styret deler administrasjonen sine risikovurdering om kor vidt vertskommunen og andre kommunar vil kunne klare å dekke sin del av auka driftskostnader.

Administrasjonen informerte vidare om at Ramstad Holding AS har kome med revidert tilbod til MiSF om kjøp av Ramstad Eskefabrikk ut frå forhandlingane som vart gjennomført i sommar.

Styret ynskjer at administrasjonen gjer er vurdering av status for magasin/museumsbygg Sunnfjord Museum til neste styremøte.

- **Drift av Sogn Kunstsenter/Norsk Villakssenter/Turistinformasjon.**  
Orientering om prosess og møte med Lærdal kommune 01.12.2015.

MiSF har i møter med Lærdal kommune informert om erfaringar med driftssesongen 2015 og om tilsetting av ny avdelingsdirektør i 2016.

Etter ei samla vurdering har MiSF valt å ikkje inngå avtale om drift av senteret i 2016.

- **Norsk Reiselivsmuseum**
  - Slutføring av utstillingarbeidet
  - Status opningsarrangement 2016

*/. Vedlegg: Status utstillingsarbeid pr. nov. 2015 NRM*

- **Kjøp av kunst til samlinga Musea i Sogn og Fjordane v/SFKM.**  
Sogn og Fjordane Kunstmuseum meiner det er viktig at eit representativt utval av Knut Rumohr sine maleri vert ein del av kunstsamlinga til Musea i Sogn og Fjordane og vert gjort tilgjengeleg for ålmenta og i kunstnaren sitt heimfylke. Museet har i lengre tid arbeidd med å kjøpe ei samling representative verk som reflekterer Knut Rumohr si kunstnarlege utvikling. Etter søknad frå MiSF fekk museet i november i år ei gåve på kroner 400.000 frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til å finansiere kjøp av maleri av Knut Rumohr. På bakgrunn av denne gåva har MiSF også søkt om gåveforsterkingstilskot frå Kulturdepartementet.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**  
*/. Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane*

- **Informasjon om kunstfagleg råd i Musea i Sogn og Fjordane v/SFKM.**  
Informasjon om program og arbeid til rådet.

*/. Vedlegg: Program og referat frå kunstfagleg råd vart omdelt i møte*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Orienteringane vert tatt til vitande**

*Vedtak:*

**Orienteringane vert tatt til vitande**

Samrøystes

## SAK 34/2015 BUDSJETT MED ÅRSPLANAR 2016

### Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

### Saksutgreiing:

### Budsjettprosess:

Budsjettarbeidet for 2016 vart starta i slutten av september. Den 1. oktober var leiargruppa, fagforeiningane og administrasjonen samla til felles strategi- og planleggingsmøte for budsjett- og årsplanarbeidet 2016.

- Gjennomgang av forventta offentlege driftstilskot og fordeling mellom avdelingane
- Satsingsområde 2016
- Plan for budsjettarbeidet

Auka driftstilskot frå Kulturdepartementet med øyremerka driftsmidlar til Måløyraidsenteret er lagt inn i driftsbudsjettet som avdeling 8 MRS.

Framlagt utkast til driftsbudsjett for 2016 frå Stiftelsen Måløyraid Senteret er ikkje dokumentert fullfinansiert og auka driftstilskot i samsvar med statsbudsjett 2016, er lagt inn i budsjettet som lønskostnadar.

Det er ikkje budsjettert med vidareføring av drifta ved Norsk Villakssenter i regi av Sogn og Fjordane Kunstmuseum i driftsåret 2016.

Budsjettgrunnlag vart deretter utarbeidd av administrasjonen og sendt ut til avdelingane den 19.10.2015. Budsjettutkast frå den enkelte avdeling vart gjennomgått med avdelingsdirektør.

Med utgangspunkt i budsjettutkasta frå avdelingane har administrasjonen utarbeidd eit endeleg utkast til totalbudsjett for MiSF.

Budsjettutkastet vart drøfta med fagforeiningane i møte den 19.11.2015.

### Budsjetterte inntekter og tilskot:

#### Økonomiske råmer

Drifta av MiSF er i stor grad basert på offentlege driftstilskot. Forventa/berekna driftstilskot for 2016 er lagt inn i framlagt budsjett:

Stat:	kr. 34.900.000,-
Fylkeskommune:	kr. 14.482.580,-
Kommunale tilskot:	kr. 4.920.139,-

I budsjettet utgjer offentlege driftstilskot om lag 91 % av samla driftsmidlar, eigeninntekt og andre tilskot utgjer rundt 9 %.

#### Statlege driftstilskot

Beløp er henta frå Kulturdepartementets proposisjon til Stortinget: Prop.1 S (2015-2016) kap. 328: *Museums- og kulturvernformål*, med tilhøyrande pressemeldingar.

Auka tilskot på kr. 1,23 mill. er lagt inn med følgjande fordeling:

- 0,63 mill. i ordinær løns- og prisstigning
- 0,60 mill. til drift av Måløyraidsenteret

### Fylkeskommunalt driftstilskot

Tilskot frå fylket er basert på fylkeskommunen sitt *Budsjett 2015 - Økonomiplan 2016 (2017-2018)* vedteke 19.06.2015.

Tilskotet er redusert med 1,0 mill. kroner frå 2015 og det er budsjettert med ein kompensasjon for pris- og lønsvekst på 0,3 mill. kroner (+2 %). I saksutgreiingar til *Budsjett 2016/ Økonomiplan 2016-2019*, som vert lagt fram til politisk handsaming i desember, ligg det inne forslag om å utsette vedteken nedskjering for 2016 til 2017.

### Kommunetilskot

Kommunetilskota til dei enkelte avdelingane er auka med 0,09 mill. kroner i pris- og lønsvekst (+2 %).

Det er ikkje forhandla fram nye kommunale driftsavtaler, og det er derfor ikkje lagt inn auke frå kommunane som kompensasjon for redusert fylkestilskot.

### **Nøkkeltal:**

Offentlege tilskot er inklusive ekstraordinære statstilskot.

Nøkkeltal: / Avd	1 ADM	2 NFM	3 KSF	4 SUM	5 DHS-SF	6 SFKM	7 NKS	(8 MRS)
Samla ordinære tilskot (mill.kr.)	8,71	5,33	7,01	4,59	15,52	9,97	2,18	(0,60)
Del av totaltilskot	16 %	10 %	13 %	9 %	29 %	18 %	4 %	(1%)
Lønskostnad %	60 %	68 %	59 %	73 %	56 %	42 %	64 %	(100 %)

*Avd. 1 Fellesadministrasjon, avd. 2 er Nordfjord Folkemuseum, avd. 3 er Kystmuseet i Sogn og Fjordane, avd. 4 er Sunnfjord Museum, avd. 5 er De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, avd. 6 er Sogn og Fjordane Kunstmuseum og avd. 7 er Norsk Kvernsteinsenter. (8 MRS er Måløyraidsenteret)*

Det er budsjettert med samla løns- og personalkostnader på 57 % inkl. auka statstilskot. Eksklusive øyremerka driftstilskot til husleige Norsk Reiselivsmuseum (går uavkorta til Statsbygg), er lønsprosenten 61 %.

Det er berekna 3 % årleg løns- og prisstigning.

Samla lønsvekst medrekna auka pensjonskostnader på 1,1 mill., er i overkant av 8,3 %.

### **Vurderingar og konsekvensar**

MiSF prioriterer oppgåver og føringar i tilskotsbrev frå stat og fylkeskommune.

Arbeidet med å stimulere til samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen for å frigje økonomiske og faglege ressursar er prioritert. Dette er avgjerande for å etablere eit betre og meir nyskapande museumsarbeid.

Etablering av betre informasjonsrutinar skal sikre rett informasjon både internt og ekstern.

I budsjett for 2016 er følgjande satsingsområde prioritert :

- styrking av marknadsføring og utadretta arbeid (+15,6%)
- organisasjonsutvikling (+82,5 %)

Administrasjonen utgjør frå 2016 fem tilsette samt direktør.

Desse er administrasjonssjef, økonomileiar, fagsjef bygg, marknadskonsulent og nyoppretta stilling som personal- og rekneskapskonsulent.

Sistnemnde stilling er oppretta som ein konsekvens av at alt rekneskaps- og lønsarbeid frå og med komande driftsår, skal utførast internt.

Prioriterte vedlikehaldsprosjekt med kommentarar ved avdelingane, sjå eige vedlegg Hovudbudsjett og alle avdelingsbudsjetta er utarbeidd i balanse.

- /. Vedlegg:***
- *Budsjett 2016 Spesifisert*
  - *Budsjett 2016 Avdelingsnivå*
  - *Budsjett 2016 Tilskot*
  - *Budsjett 2016 Kommentarar*
  - *Utdrag frå Kulturdepartementet Prop.1 S kap. 328*
  - *Pressemeldingar frå Kulturdepartementet*
  - *Brev 29.10.2015 frå SFJ v/kulturavdelinga*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar framlagt forslag til budsjett for 2016 med slik fordeling til avdelingane som det går fram av saksutgreiinga.**

*Vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar framlagt forslag til budsjett for 2016 med slik fordeling til avdelingane som det går fram av saksutgreiinga.**

Samrøystes

#### **SAK 35/2015: BILDENDE KUNSTNERES HJELPEFOND (BKH) STIPEND – DELEGERTE TILDELINGAR**

**Sakshandsamar:**

Anne-Marie Førde

**Saksgrunnlag:**

Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend for 2015 er etablert i samarbeid med Bildende Kunstneres Hjelpfond (BKH) og har til formål å stimulere kunstnarleg verksemd i Sogn og Fjordane.

Kunstnarar knytt til Sogn og Fjordane kan søke.

Søknadane er vurdert på grunnlag av CV, prosjekttale, digitalt visuelt materiale og andre verksreferansar. Kunstfagleg råd har handsama innkomne søknader i møte 26. oktober 2015.

Ytterlegare informasjon og innstilling sjå vedlegg.

- /. Vedlegg:*** BKH Stipend 2015 Innstilling

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar å sluttar seg til framlagt tilråding frå Kunstnarleg råd på tildeling av BKH stipend for 2015.**

*Vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar å sluttar seg til framlagt tilråding frå Kunstnarleg råd på tildeling av BKH stipend for 2015.**

Samrøystes

## SAK 36/2015: NYE STILLINGAER I MISF VED AVDELING SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM

### Saksansvarleg:

Anne-Marie Førde / Inge Bent Arnestad

### Saksutgreiing:

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har to tilsette med midlertidig arbeidsavtale. Den eine har stilling som museumsteknikar og den andre som kaféansvarleg i Førde, begge er engasjert i 100% stilling.

#### Vurdering av stilling som museumsteknikar

MiSF v/Sogn og Fjordane Kunstmuseum, har sidan 2009 hatt eit samarbeid med Bergen Kunstmuseum (i dag KODE) og Firda Produkt. Prosjektet gjekk ut på å gi ein innvandrar kompetansegevande opplæring i preventiv konservering.

Kunstmuseet har hatt stort utbytte av dette prosjektet og museet har fått tilført og utvikla ein sårt tiltrengt kompetanse.

Innhaldet i stillinga går ut på å utføre konservatoroppgåver som t.d. å arbeide med førebyggjande og/eller aktiv restaurering av kunstsamlinga i museet. Museet har også utført oppdrag for private, men i liten målestokk.

Prosjektet vart avslutta i 2013 og vedkommande er i dag tilsett i eit engasjement som museumsteknikar i MiSF.

#### Vurdering av stilling som kaféansvarleg i Førde.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum flytta inn i nytt museumsbygg i 2012.

Kafédrift var ein planlagt og naturleg del av museumsdrifta, og etter ei samla vurdering vart det inngått ei driftsavtale med Sunnfjord Cafe og Catering AS (SCC) frå og med 01.09.2012.

Etter ynskjer frå SCC og etter drøftingar vart denne avtala avslutta 31.12.2014, samstundes som kaféansvarleg tilsett i SCC, fekk tilbod om midlertidig stilling ved MiSF/SFKM frå 01.01.2015. Kafétilbod er ein føresetnad for drifta og aktiviteten i nybygget i Førde.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har som mål at lønnskostnader knytt til denne stillinga på sikt skal dekkast av omsetninga i kafeen.

#### *Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar å gjere om midlertidige stillingar som museumsteknikar og kaféansvarleg ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum, til faste stillingar frå 01.01.2016.**

#### *Vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar å gjere om midlertidige stillingar som museumsteknikar og kaféansvarleg ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum, til faste stillingar frå 01.01.2016.**

Samrøystes

## SAK 37/2015: MØTEPLAN 2016 FOR STYRET I MiSF

### Saksansvarleg:

Anne-Marie Førde

### Saksutgreiing:

Forslag til møteplan 2016 for styret med datoar og saker for styremøte er utarbeidd og tilpassa ulike rapporteringsfristar gjennom året.

Evt. større endringar i framdrift av planarbeid, vil kunne føre til endringar i årsplanen.

***/. Vedlegg:***

*Møteplan 2016 for styret*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret vedtek framlagt møteplan 2016 for styret.**

Etter gjennomgang og drøftingar i styret er forslag til møteplan revidert.

*Vedtak:*

**Styret vedtek revidert møteplan 2016 for styret.**

Samrøystes

**SAK 38/2015: TILSETTING AV DIREKTØR I MUSEA I SOGN OG FJORDANE** (Ikkje off. – Jf. Off.l. §13)

**Saksansvarleg:**

Harry Mowatt

**Saksutgreiing:**

Saka vert lagt fram for styret med tilråding frå konsulentfirmaet Headvisor AS og innstillingsutvalet. Tilråding og underlag til saka vert ettersendt til styret.

**SAK 39/2015: YMSE**

1. Hanne Oftedal fremma forslag om at administrasjonen tek ansvar for å informere styremedlemmar og eksterne kontaktar om arrangement på avdelingane.
2. Harry Mowatt informerte om at sak 30/2015 pkt. 1. vert teke opp på neste styremøte.

\_\_\_\_\_  
Harry Mowatt  
Styreleiar

\_\_\_\_\_  
Anne-Marie Førde  
Direktør

\_\_\_\_\_  
Laura Kvamme

\_\_\_\_\_  
Hanne Oftedal

\_\_\_\_\_  
Arild Hartman Eriksen

\_\_\_\_\_  
Ingrid Norum

\_\_\_\_\_  
Steinar Enebø

\_\_\_\_\_  
Olve Grotle